



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/7187 - 22/74899

Saksbehandlar:
Madeleine Fonnes Aase
madeleine.fonnes.aase@alver.kommun
e.no

Dato:
30.09.2022

Svar på klage - gbnr 304/1 og 25 Leirvik

Viser til klage mottatt 24.09.2022 frå heimelshavar, representert av Hoffmann Thinn Advokatfirma AS.

Det vert klaga på administrativt vedtak 906/21, datert 04.09.2021, i sak 21/7187.

Saka gjeld godkjenning av tiltaksplan for forureina grunn på gbnr. 304/1 og 25.

På søknadstidspunkt viste tiltakshavar til at tiltaket var et mindre terrenginngrep og difor ikkje var søknadspliktig etter plan- og bygningslova. Etter vedtak om tiltaksplan er det vurdert at tiltaket er av slikt omfang at det er rekna som eit søknadspliktig tiltak. Saka har vore til behandling hos avdeling Plan og byggesak.

Vurdering:

Alver kommune har gjennomgått momenta i klagen.

I klagen vert det vist til at manglende varsling og involvering av heimelshavar var ein saksbehandlingsfeil, ved at saka ikkje var tilstrekkeleg opplyst og det kunne hatt verknad for vedtakets innhald.

Det vert vist til at ein er samnd med at dei forureina massane må ryddast opp i, men ein meiner at godkjent tiltaksplan ikkje er god nok.

Det vert vidare vist til at kommunen har heimel til å pålegge meir undersøking etter forureiningslova om ein meiner det er naudsynt.

Tiltakshavar har kommen med merknader til klagen i brev datert 15.09.2021, seinare supplert i brev datert 03.12.2021, representert av Advokatfirmaet Simonsen Vogt Wiig AS.

Heimelshavar har kommen med merknader i brev datert 07.01.2022.

Påstand om manglande varsling til heimshavar er korrekt. Spørsmålet er om dette er relevant for godkjenning av ein tiltaksplan. Ein tiltaksplan er godkjenning av ei foreslått løysing, ikkje eit løyve etter plan- og bygningslova. Kommunen kan ikkje sjå at det er eit krav om at heimshavar må vere varsla etter forureiningslova kva gjeld søknad og godkjenning av tiltaksplan for opprydding av forureina massar.

Sjølve utføringa må vere i tråd med plan- og bygningslova. Tiltaket er vurdert av Rambøll som eit mindre terrengingrep, og at det av den grunn ikkje skulle handsamast etter plan- og bygningslova. I ettertid er saka vurdert som eit søknadspiktig tiltak etter plan- og bygningslova. Tiltaket er søkt om, og godkjent i saksnr. 22/3567. Saka er sendt ut 16.08.2022, heimshavar har ikkje klagt på vedtaket.

I denne saka er det godkjent ei foreslått løysing, og ikkje selve utføringa av den. Difor må tiltakshavar passe på at dei privatrettslege tilhøva er i orden, herunder råderett til eigedomen i den grad at ein kan utføre desse arbeida i tråd med løyve gjeven i tiltaksplanen og løyve til tiltaket etter plan- og bygningslova.

Kommunen har vurdert at tiltaksplanen som ligg føre ser ut til å vere tilstrekkeleg for å kunne vurdere omfanget av forureininga. Kommunen ser difor ikkje at det er naudsynt med fleire undersøkingar. Om ein under opprydding oppdager nye forhold må det tas ny vurdering av det.

Alver kommune kan ikkje sjå at det har kome inn nye moment i klagen som tilseier ei anna vurdering i saka enn den som ligg til grunn for vårt vedtak datert 04.09.2021.

Klagen vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Madeleine Fonnes Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Advokatfirmaet Simonsen Vogt Wiig AS	Postboks 2043 Vika	0125	OSLO
Hoffmann Thinn Advokatfirma AS	Strandgaten 10	5013	BERGEN
Rambøll Norge As	Postboks 427 Skøyen	0213	OSLO
Stiftelsen Meland Golf & Naturpark (Stiftelsen)	Leirvik gard	5918	FREKHAUG

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
-----------------------------	--------------	------	-----------